



Arkivnr: 2014/325-7

Saksbehandlar: Laila Melkevoll

## Saksframlegg

### Saksgang

## Grunnlovsjubileet 2014 disponering av midlar

### Samandrag

Grunnlovsjubileet 2014 vart i budsjettet for 2014 avsett med kr. 500 000, der 200 000 av desse vart løyvde til Hardanger2014. Hordaland fylkeskommune har ein koordinerande funksjon for jubileumsfeiringa i fylket gjennom ein nedsett komite leia av fylkesvaraordførar Mona H. Hellesnes. Fylkeskommunen planlegg nokre eigne arrangement i løpet av året, blant anna eit festmøte og festmiddag i samarbeid med Universitetet i Bergen og Bergen kommune i mai og markering i Christieparken til hausten. Andre prosjekt knytt til formidling av jubileet er også under planlegging.

Eit av måla for jubileet er at det skal vere ein folkefest med fokus på deltaking. Fylkeskommunen vil bidra til marknadsføring av arrangement i samarbeid med ulike aktørar.

### Forslag til vedtak

1. Fylkesrådmannen rår til at kultur- og ressursutvalet disponerer dei kr. 500 000 avsett til Grunnlovsjubileet 2014 slik:
  1. Hardardanger2014 får kr. 200 000.
  2. Festmøte og festmiddag 14.05.2014 vert avsett med kr 150 000
  3. Resterande beløp kr. 150 000 vert fordelt administrativt til eigne prosjekt, formidling og marknadsføring i jubileumsåret.

- **slutt på innstilling-**

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 20.02.2014

### Bakgrunn

Grunnlovsjubileet 2014 vart i budsjettet for 2014 avsett med kr. 500 000, der kr. 200 000 av desse vart løyvde til Hardanger2014. Hordaland fylkeskommune har ein koordinerande funksjon for jubileumsfeiringa i fylket gjennom ein nedsett komite leia av fylkesvaraordførar Mona H. Hellesnes. Fylkeskommunen planlegg nokre eigne arrangement i løpet av året, blant anna eit festmøte og festmiddag i samarbeid med Universitetet i Bergen og Bergen kommune i mai og markering i Christieparken til hausten. Andre prosjekt knytt til formidling av jubileet er også under planlegging.

Eit av måla for jubileet er at det skal vere ein folkefest med fokus på deltaking. Fylkeskommunen vil bidra til marknadsføring av arrangement i samarbeid med ulike aktørar.

### Hardanger2014

Hardanger2014 er ei av hovudsatsingane til Hordaland fylkeskommune og har til saman fått løyvt kr 600 000 fordelt over tre år. Dei har mange arrangement i løpet av jubileumsåret og går føre som eit godt døme innan omdømmebygging for ein region. Sjå <http://hardanger2014.no> for meir informasjon og inspirasjon.

### Festmøte og festmiddag

Universitetet i Bergen har invitert Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune med til å vere felles vertskap for ei festmarkering av Grunnlovsjubileet som ein del av jubileumsveka rundt nasjonaldagen. Den 14. mai vert det invitert til festmøte i Korskirken kl 18 der historiske taler frå 1814 vert framført med påfølgjande kommentarar frå forskrarar og musikalske innslag. Festlyden som vert invitert til festmidagen vert inviterte til å delta, og arrangementet vert ope også for publikum elles. På festmidagen vil det verte invitert representantar frå alle kommunar i fylket, organisasjonsliv og folkevalde.

Sjå nettside for festmøte her: <http://www.uib.no/grunnlovsjubileet2014/48472/festm%C3%B8te-om-grunnloven>

### Andre arrangement i Hordaland fylkeskommune

Fylkesbiblioteket planlegg ein føredragsturne til alle biblioteka i fylket. Seksjon for kulturminne og museum planlegg ei markering i Christieparken. Det er gått ut oppmading til alle dei vidaregåande skulane i fylket om å markere jubileet, og musea har eigne planar for og nemne noko. Elles skal fylkeskommunen vere pådrivar og korrdinator for arrangørar som ynskjer rådgjeving og bistand.

### Tidlegare saker

Viser til notat til kultur- og ressursutvalet 08.01.2014 og fylkesutvalet 30.01.2014 Grunnlovsjubileet 2014, RS 8/2014 som orienterer om planane for jubileumsfeiringa.

<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalgsbehandling>ShowUtvalgBehandlingDocument/447/SaksFremlegg>

Viser også til saksnr 57/12 til kultur- og ressursutvalet om Grunnlovsjubileet 2014 og Stemmerettsjubileet 2013 i Hordaland.

### Nettsider

Hordaland Fylkeskommune legg til rette for eigne ressursar gjennom eigne sider om jubileet: [www.hordaland.no/grunnlovsjubileet](http://www.hordaland.no/grunnlovsjubileet) og eiga Facebookside for marknadsføring av arrangement og nettsaker <https://www.facebook.com/grunnlovsjubileet2014hordaland>

Offisiell nettside for Grunnlovsjubileet, drifta av sekretariatet på Stortinget: [www.grunnloven200.no](http://www.grunnloven200.no)

### Frå opninga av jubileumsåret 2014

Medan mange såg på festforestillinga frå Eidsvoll søndag kveld 16. februar, datoен for stormannsmøtet i 1814, hadde kommunar, turlag og grendelag i kommunane vest for Bergen vardetenning for vern av Grunnlova. Både fylkesordførar og fylkesvaraordførar deltok på arrangementa der til saman 8 vardar vart tende nøyaktig klokka 2014.



Turøyvarden i Fjell, foto Fjell Turlag

Dalsmarka i Øygarden, foto Øygarden Media

# Vi feirar



---

GRUNNLOVSJUBILEET  
1814-2014